



Arkivnr: 2015/3679-7
Saksbehandlar: Nils Vetlesand

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		24.02.2016
Fylkestinget		08.03.2016

Bybanen byggetrinn 4 - forskottering av kostnader til grunnerverv

Samandrag

Fylkesrådmannen foreslår i saka at fylkeskommunen forskotterer inntil 30 mill. kr til kostnader til grunnerverv i samband med byggetrinn 4 av bybaneutbygginga. Stortinget har slutta seg til at det kan nyttast inntil 200 mill. kr av det vedtekne Bergensprogrammet til planlegging og prosjektering av dette byggetrinnet. Grunnervervskostnader var ikkje nemnt i proposisjonen og fylkesrådmannen foreslår difor at fylkeskommunen forskotterer desse kostnadene.

Forslag til innstilling

Fylkestinget godkjenner at fylkeskommunen forskotterer inntil 30 mill. kr i kostnader til grunnerverv til byggetrinn 4 av bybaneutbygginga.

Fylkestinget legg til grunn at forskotteringa vert dekkja inn som ein del av den samla finansieringa av byggetrinn 4.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Holm Svendsen
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 26.01.2016**Bakgrunn**

Stortinget godkjende i Prop. 117 S (2014-2015) – Nokre saker om luftfart, veg og jernbane at det kan nyttast inntil 200 mill. kr av den vedtekne bompengepakken for Bergensprogrammet til planlegging og prosjektering av Bybanen - byggetrinn 4.

I proposisjonen heiter det m.a.:

«I Prop. 143 S (2012–2013) er det lagt opp til å nytte midlar frå Bergensprogrammet til å planleggje nye prosjekt/tiltak, inkl. vidare planlegging av Bybanen. Dette omfattar midlar til å utarbeide reguleringsplanar. For å sikre mest mogleg kontinuerleg utbygging av Bybanen har Hordaland fylkeskommune søkt om å nytte bompengar til også å prosjektere traséen mellom Bergen sentrum og Fyllingsdalen, parallelt med utarbeidinga av dei reguleringsplanane som står att. Førebels er det lagt til grunn at kostnadene ved prosjekteringa vil bli i storleiken 200 mill. kr.

Økonomien i Bergensprogrammet har utvikla seg gunstigare enn lagt til grunn i Prop. 143 S (2012–2013). Dette kjem i stor grad av lågare lånerenter. I tillegg er trafikkreduksjonen etter omlegginga av takst- og rabattsystemet i 2013 mindre enn rekna med. Samferdselsdepartementet går inn for at det kan nyttast bompengar til å prosjektere fjerde etappe av Bybanen frå sentrum til Fyllingsdalen. Departementet viser til at det blei nytta bompengar ved førebuinga til anleggsstart på andre og tredje etappe av Bybanen, jf. St.prp. nr. 1 (2008–2009), St.prp. nr. 72 (2008–2009) og Prop. 113 S (2011–2012). Førebuingane av fjerde etappe av Bybanen er føresett finansiert innanfor det vedtekne opplegget, utan endringar i takstar eller innkrevjingstid. Samferdselsdepartementet vil komme tilbake til finansiering av fjerde etappe av Bybanen når tilstrekkelege avklaringar ligg føre.»

Planlagt framdrift for byggetrinn 4

Ut frå gjeldande plan skal byggearbeida for byggetrinn 4 starta like over årsskiftet 2017/2018 der hovudtyngda av grunnarbeida er planlagt gjennomført i løpet av 2018. Dersom denne tidsplanen skal halda, må det vera gjennomført tilstrekkeleg grunnverv før oppstartstidspunktet.

Normalt startar grunnvervsprosessen opp når det ligg føre godkjent reguleringsplan. For byggetrinn 4 er det gjort fleire tiltak for å korta ned tida frå vedteken reguleringsplan til byggestart. Dette gjeld m.a. samordning av prosjekterings- og reguleringsarbeidet.

Framdriftsplanen for dette prosjektet tilseier at grunnvervsprosessen vert starta før vedtekne reguleringsplanar ligg føre. Det er lagt til grunn at reguleringsplanane skal liggja føre i 3. kvartal 2017 og Bybanen utbygging meiner prosessen med kjøp av grunn bør setjast i gang alt i inneverande år.

Grunnvervsprosessen og fylkeskommunal forskottering

I stortingsproposisjonen, jf. ovanfor, er det ikkje teke med at det kan nyttast midlar frå Bergensprogrammet til grunnkjøp. Bybanen utbygging søkjer om løyve til å nytta inntil 30 mill. kr til dette med oppstart inneverande år.

Fylkesrådmannen er oppteken av at ein får kontinuitet i bybaneutbygginga så langt det let seg gjera, og vil ut frå det tilrå at fylkeskommunen forskotterer inntil 30 mill. kr til grunnverv.

Før oppstart av byggearbeidet – planlagt til like over årsskiftet 2017/2018 – må det liggja føre samla finansiering for dette byggetrinnet. Fylkesrådmannen legg til grunn at den foreslåtte forskotteringa vert gjort opp i samband med dette finansieringsopplegget.